

# Folldals-Ragnhild, – utvandrar til «Uti fjordan».

Av Kirstine Prestmoen Tallerås

Tingvoll kyrkje 1850: Folk snur seg. Kven er denne pene jenta?

«Folldals-Ragnhild» eller «Otters-Ragnhild» er svaret. Men korleis kom ho til Tingvoll. Me vil no fylgja ferda til Ragnhild og folket hennar frå ho voks opp i Folldal til ho kom til den nye bustaden sin.

Før utvandringa til Amerika tok til for fullt, var det Bardu/Målselv og bygdane «uti fjordan» som tok mot overskottet av folk og arbeidskraft frå Nord-Østerdalen. Rundt 1840 var det mange frå Folldal som drog til Nordmøre og Romsdalen og slo seg ned der. Foll-dølene drog ofte til stader der det var gruvedrift.

I 1840 heldt Otter Oleson auksjon på garden sin Kringlotskogen (Skogen) i Øvre Dale. Kvardagen i fjellbygda hadde blitt for hard og vanskelig; han ville ta med seg alle sine og prøva å få det betre i ei anna bygd. Fleire uår hadde leita på, dessutan hadde han komme litt på kant med dei næraste grannane og skyldfolket sitt. Av dei tinga som Otter selde på auksjonen, var eit skåp som hamna på garden Einabu. På dette finn me namna Ottar Olsen. Ragnhild Olsdatter Furuhovdet. Aaret 1835.

Otter Oleson f. 1793 var frå Furuhovde. Han var yngst av 9 syskjen. Han hadde ein bror, Ole, som vart gift med Sigrid Olesd. Kjøllhamar og dei vart husmannsfolk på Atna. Dottera deira var den kjende Anne Evenstad, f. 1830. Ho vart trulova med sonen til lensmann Ole Evenstad i Stor-Elvdal og arving til den store Evenstad-garden.

I 1795 vart Furuhovd-garden delt i to. Faren til Otter, Ole Hansson f. 1752 selte eine halvparten av eige-dommen sin til Tore Paulson Hjerkin. Da Otter vart vaksen, fekk han seg jord unda heimegarden og rydda seg ein plass. Han fekk skjøte av far sin 20/9-1821. Plassen kalla Otter for Kringlotskogen. Det var mykje skog

rundt staden, og namnegranskaren Oluf Rygh meiner at fyrste ordet i namnet kjem av det gamle norske adjektivet «kringlotter» som tyder rund, altså «den runde skogen».

I stabburet på Skogen finn vi årstalet 1795 på mønsås-stokken. Dette er stakk frå det årstalet da Furuhovd-garden vart delt, og Otter har vel fått fløtt med seg dette huset frå heimegarden da han rudde sin eigen heim.

I 1826 vart Otter gift med Ragnhild Olesd., f. 1801. Ein veit ikkje sikkert kvar ho kom frå, men i Tingvoll-boka står det at ho var fødd i 1792 i Tydalen. Dei gifta seg iallfall i Folldal og da heitte ho Dalen til etternamn.

Ole og Ragnhild fekk fem barn:

1. Ole d.e. f. 24/9-1826.
2. Ragnhild f. 17/6-1829. «Folldals-Ragnhild»
3. Ole d.y. f. 9/3-1832.
4. Marit f. 4/10-1834.
5. Ingrid f. 14/9-1837.



Kista som Ragnhild Olsdotter Kringlottsog hadde med seg frå Sogen da dei fór fra Folldal i 1840. Som vi ser er nok fødselsåret hennar 1792.



*Minnestein over Otter og Ragnhild på garden Skogen, Foll-dal. I 1821 fekk Otter skjote på garden. Steinen er sett opp av nåverande eigar Ivar O. Eide. Foto: forf.*

Den eldste av borna var 13 ½ år og den yngste berre 2 ½ år da dei drog fra bygda i 1840. Dei hadde selt alt dei åtte på auksjonen, både garden og innbuet. Dei hadde ikkje meir att enn at dei fekk plass på ei handkjerre. Så la dei i veg på den lange vandringa. Jamvel om det var juni måned, var det inga lystferd dei la ut på. Ferda gjekk nordover fjellet til Oppdal, ned Sundalen og utover på sørsida av Sunndalsfjorden. Ferda enda på Søndlandet, på Raudsand i Tingvoll kommune (no Eidsvåg kommune i Romsdalen). Dei slo seg ned på ein liten husmannsplass like ved fjorden. Plassen heitte Sagstuen og låg under garden Bersås. Familien tok også namnet Bersås.

Det låg fleire småe husmannsplasser ned ved fjorden og fisket vart nok redningen for mange i vanskelege tider. Tuberkulosen herja, og på ein av granneplassane vart heile huslyden utrydda. Men Otter og huslyden hans var heldige og slapp unna alvorlege sjukdommar, og heile barneflokken voks opp.

Den eldste, Ole f. 1826, vart gift med Mali Toresdotter Øyen frå Eidsvåg i Nesset. Desse finn ein ikkje i ettertid, så det kan vera at dei har utvandra til Amerika.

Ole Otterson d.y. f. 1832, nr tre i rekka, har mange etterkommarar etter seg. Han vart kalla «Otta-Ola» og overtok husmannsplassen Sagstuen etter faren. I 1862 gifta han seg med ei jente frå Øksendal. Opplysningar frå folketellingar viser at han var «strandsitter og skomager». Han og kona fekk tre barn saman: Ragnhild, Ole og Elling. Før Ole var gift, hadde han tvilligar med ei «gårdmannsdatter» i grannebygda. Det vart ikkje noko ekteskap, truleg p.g.a. standsforskjellen som rådde den gongen. Den eine av tvillingane, Oline, voks opp hjå faren. Ved folketellinga i 1865 er faren til Ole, Otter, død, medan kona Ragnhild bur saman med sonen og huslyden hans på Sagstuen.

Marit Ottersdotter var barn nr 4 av flokken som utvandra frå Follidal. Om henne finst det ikkje fleire opplysningar, heller ikkje om den yngste dottera, Ingrid, bortsett frå at ho var tenestejente hjå systema si Ragnhild på Tingvoll under folketellinga i 1865.

Så er me endeleg komne fram til Ragnhild, f. 1829, barn nr. 2 i syskjeflokken. Ho vart kalla «Otters-Ragnhild» eller «Folldals-Ragnhild». Ho var som tidlegare nemnd ei sjeldan vakker jente. Gardguten på Bersås vart forelska i Ragnhild og dei forlova seg. Men husbondsfolket sette seg i mot giftemål, så guten måtte gje opp jenta. Dette vart hennar store sorg. I 1856 (27 år gamal) gifta ho seg med husmann Nils Jonson Øygarden frå Tingvoll. Nils var også fødd 1829, same året som Ragnhild, så dei var kanskje kjende frå konfirmasjonstida? Faren til Nils, Jo Nilsson f. 1802, hadde vore postfører på to postruter attåt gardsarbeidet. Nils vart postfører på eine ruta etter far sin, Aureruta, som han overtok frå 1. januar 1860. Ruta hans gjekk frå Tingvoll postopneri til Vågland i Halså ein gong for veka. I månadene oktober - mars skulle posten først over fjorden med 2 mann i forsvarleg båt, og på Vågland skulle postmannen venta på posten frå Valsøyfjorden før han vende attende. Betalinga var 40 spesiedaler i året.

Ragnhild og Nils fekk fem barn:

1. Jonetta, f. 1857, gift 1881 med Anders Nilsson Knivskjenes.
2. Ragnhild, f. 1860, utv. til Amerika, gift to gonger med Olsen og Knutsen.
3. Ane, f. 1862, gift 1884 med Mikal Edvardson Hegerberg.
4. Johanna, f. 1867, utv. til Amerika, g. m. Lund.
5. Maria, f. 1871, g. 1899 med Lars Sivertson Settemsdal, f. 1863.

Ingen av borna til Ragnhild og Nils vart buande på Øygarden. Kva årstal Folldals-Ragnhild døydde, kjenner me ikkje til, men Nils døydde i 1915. Jorda hørde Prestegarden til, og frå 1914 - 1947 var det brukarar på Øygarden. Seinare vart jorda driven av Tingvoll Jordbruksskule, i dag Tingvoll Gard som er forsøkgard for biologisk dyrking. Den store bygningen på Øygard-

den er nedriven, men den gamle løa på garden står enno. Jorda blir bruka til beite.

Dotterdotter til «Folldals - Ragnhild» (dotter til Jonetta) heitte også Ragnhild. Ho var fødd i 1892 og var oppkalla etter mormora. Ho vart nærare 100 år og hadde godt minne. Ho døydde i 1990. Ho fortalde mykje om bestemora. På sine gamle dagar hadde bestemora fortald mykje frå barndommen sin i Folldal og ungdommen på Raudsand. Ofte kom ho attende til det som var hennar store sorg, guten ho ikkje fekk. Og ho hugsa godt den lange ferda frå Folldal da ho var 11 år. Den sat som prenta i minnet.

#### *Kjelder:*

Gerd Høsteng: Utvandrerne fra Kringlotskogen, artikkel i Folldals-Jul 1988.

Folldalsbøkene av Ivar A. Streitlien.

Tingvollbøkene av Hans Hyldbak.



*Gullbryllup i Øygarden,  
Tingvoll, i 1906.  
Midt på bildet Folldals-  
Ragnhild og mannen  
Nils Jonson Øygarden  
med blomsterpynt  
på trøya.*